
Fra: Ingunn Øvretveit
Sendt: onsdag 29. november 2017 09.52
Til: 'Christoffer Hodnelid'
Kopi: Reidun Sæbdal
Emne: SV: 17/32975 Svar på søknad om skjenkeløyve 09.12.17

Hei

Beklagar at du ikkje har fått kontakt, då eg har vert på kontoret kvar dag denne veka. Når kommunen får ein søknad om skjenkeløyve vert den behandla ut frå dei opplysningane som ligg føre i søknaden. Kva arrangement du samanliknar din søknad med veit eg ikkje, men overtredelse av alkohollova i det offentlege rom er det politiet som har ansvar for å handheva.

Frå Helsedirektoratet er det presisert følgjande:

Tilstelningar som er opne for allmennheita og der det skal serverast eller nytast alkohol, er bevillingspliktige. Dette gjeld sjølv om arrangementet foregår på eit avsperra område og deltakarane må kjøpa billett eller betale for inngang. På slike arrangement kan ikkje gjestane nyte medbrakt alkoholhaldig drikk.

Det er opp til den enkelte kommune om den vil gje bevilling til eit bestemt arrangement. Kommunen står ikkje fritt til å vurdere at bevillingspliktige arrangement ikkje treng bevilling.

Viser til vedtaket at det kan søkjast løyvet for ein enkelt anledning. Det må då liggja føre ein plan for korleis ein skal handtera at det ikkje vert skjenka alkohol til dei som ikkje oppfyller alderskravet. Slike søknader går til uttale hjå politiet før eit evt løyve vert gjeve.

Dersom du sender ein ny søknad må du gjera dette snarast pga sakbehandlingstida.

Når det gjeld faktura er dette eit saksbehandlingsgebyr.

Håper du har fått svar på spørsmåla dine. Ta gjerne kontakt om noko er uklart.

Med helsing

Ingunn Øvretveit
Saksbehandlar
56 37 50 00/56 37 54 88

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Christoffer Hodnelid [mailto:christoffer@pp-prod.no]
Sendt: tirsdag 28. november 2017 21.49
Til: Ingunn Øvretveit
Emne: Re: 17/32975 Svar på søknad om skjenkeløyve 09.12.17

Heisann.

Nå har eg prøvd og ringe kommunen i 2 dager uten og få svar fra Skjenkeløyveavdelingen.

Synes det er veldig rart at eg må ha skjenkeløyve på mine arrangementer når det er tilsvarende arrangement i samme lokalet og andre lokaler i Lindås der de ikke har løyve.

Er det pga vi har 16.åringer innbetalt?

Eg har hatt slike arrangement i andre kommuner tidligere og da dette aldri har vert et problem, b.l.a 4 ganger i Lindås kommune uten problemer.

Hvorfor får eg ettersendt faktura på kr 350,- vis skjenkeløyve ikke er innvilget?

Håper og høre fra deg så fort som mulig :)

--

> Mvh / Best regards

>

> Christoffer Hodnelid

> Lydteknikker / Sound Engineer

>

> P&P Produksjoner AS

> www.pp-prod.no

> Org:998 610 540

>

> Mail: christoffer@pp-prod.no

>

> Tlf: (+47) 98 67 47 03

>

> www.facebook.com/pages/PP-Party-PA-Produksjoner/187164981309270

Den 2017-11-22 08:44, skrev Ingunn Øvretveit:

> Sjå vedlegg